

FJELL KOMMUNE  
Postboks 184  
5342 STRAUMEDato: 27.03.2018  
Vår ref.: 2015/10285-26  
Saksbehandlar: ambrein  
Dykkar ref.:

Att. Einar Lunde

## Oversending av rapport frå arkeologisk registrering - Fv 561 Kolltveit - Ågotnes - Utvida plangrense - Fjell kommune

Viser til tidlegare korrespondanse i saka, seinast i vårt brev datert 06.07.17 der vi oversende kostnadsoverslag for arkeologisk registrering i samband med Dykkar varsling av utvida plangrenser i ovafor nemnde sak. Viser også til Dykkar aksept av kostnadsoverslaget, i brev datert 01.08.17.

Den arkeologiske registreringa vart gjennomført i perioden 11.-21- desember 2017. Det vart påvist eitt automatisk freda kulturminne ved Fjæreidpollen, eit busetnads/aktivitetsområde frå steinalderen (Askeladden id 236645).

Automatisk freda kulturminne skal som hovudregel bevarast i reguleringsplan gjennom arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, kombinert med omsynssoner og tilhøyrande føresegner, jf. plan- og bygningslova §§ 11-8c, 11-8d og 12-6. Automatisk freda kulturminne skal markerast med omsynssone d (SOSI-kode H730), avgrensinga skal omfatte lokalitetsavgrensing samt fem meter sikringszone. Vidare bør det leggjast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i eit større areal rundt lokaliteten for å sikre kulturminnet mot inngrep og skjemming, jf. §3 i kulturminnelova. Kulturminne som blir liggjande i tilstøytande areal til reguleringsplanen bør òg inkluderast i planavgrensinga med omsynssoner.

Der planen ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Tilråding til dispensasjon føreset at Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. Det er Riksantikvaren som eventuelt kan gi dispensasjon frå kulturminnelova etter §8,4. ledd. Dette skjer når reguleringsplanen er lagt ut til offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Etter §10 i kulturminnelova skal slike granskingar dekkast av tiltakshavar. Kulturminne i eventuell direkte konflikt med nye tiltak, og som det dermed må søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for, må markerast med føresegningsområde i plankartet, med avgrensing utan 5 meter sikringszone.

Rapport frå den arkeologiske registreringa er vedlagt. Faktura for registreringa vert ettersend.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservatorAmbjørg Reinsnos  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Rapport 40-2017, Ny Fv 561 Kolltveit-Ågotnes, utvida plangrense - Fjell kommune